

# **ÅRSMELDING 2017**

**SOGN OG FJORDANE FOLKEMUSIKKLAG**

# SOGN OG FJORDANE FOLKEMUSIKKLAG. ÅRSMELDING 2017

## INNHALD

SOGN OG FJORDANE FOLKEMUSIKKLAG.....	1
STYRET.....	1
ADMINISTRASJON .....	1
MEDLEMMER, MEDLEMSSKAP OG REPRESENTASJON.....	1
ÅRSMØTET 2017 .....	2
FOND .....	2
UTGJEVINGAR.....	2
FOLKEMUSIKKPRISEN .....	3
PRIORITERTE SATSINGSOMRÅDE .....	3
INFORMASJON .....	3
FOLKEMUSIKKARENA .....	4
KAPPLEIKAR.....	4
KURS   SEMINAR .....	5
KULTURPOLITISK ARBEID.....	7
OMLEGGING AV FYLKESMUSIKARORDNINGA.....	7
REGIONAL PLAN FOR KULTUR .....	7
REGIONREFORMA OG SAMARBEID MELLOM FOLKEMUSIKKINTERESSENE I REGIONEN.....	7
ORGANISASJON .....	7
UTSNITT.....	8
SAMARBEIDSPARTNARAR OG STØTTESPELARAR.....	8

# SOGN OG FJORDANE FOLKEMUSIKKLAG

Sogn og Fjordane Folkemusikklag vart skipa i 1981, og har følgjande formål:

**Sogn og Fjordane Folkemusikklag skal arbeide for å ta vare på og vidareformidle folkemusikktradisjonane i Sogn og Fjordane gjennom å arbeide for og auke kunnskapen om, kjennskapen til og interessa for tradisjonelt spel, song og dans.**

## STYRET

Styret i Sogn og Fjordane Folkemusikklag har etter val på årsmøtet 2017 og konstituering hatt ei slik samansetjing:

Ingrid Buvarp Aardal (Sogndal) styreleiar  
Knut David Hustveit (Fjaler) nestleiar  
Sølvi Lien (Førde) styremedlem  
Gjermund Tomasgard (Nordfjordeid) styremedlem  
Norill Therese Norheim (Hafslo) styremedlem

Varamedlemer:

1. varamedlem Oddbjørn Skjerdal
2. varamedlem Dagfrid Vallestad Brevik
3. varamedlem Berner Midthjell

1. vara har vore kalla inn til alle styremøte.

Styret har i meldingsåret hatt 4 styremøte. Eitt av desse på Skype. Totalt har styret handsama 25 saker. Nokre av sakene har også vore drøfta pr. e-post.

## ADMINISTRASJON



Ingrid Andersen Heieren er dagleg leiar og folkemusikk-koordinator i Sogn og Fjordane Folkemusikklag.

Stillinga har også i 2017 vore på 50%.

Dagleg leiar har heimekontor på Fjelli.

## MEDLEMMER, MEDLEMSSKAP OG REPRESENTASJON

Folkemusikklaget hadde 508 medlemmer pr. 31.12.2017 (512 i 2016), **73** born og unge og **435** vaksne. (60 born og 452 vaksne pr. 31.12. 2016). Av desse er **15** enkeltmedlemmer direkte innmelde i Folkemusikklaget.

20 lokallag er tilslutta organisasjonen. Dette er det same som i 2016.

Sogn og Fjordane Folkemusikklag har medlemsskap i:

*FolkOrg - organisasjon for folkemusikk og folkedans*

*Stiftinga Førde Internasjonale Folkemusikkfestival*

*Sogn og Fjordane Musikkråd (skipa i 2012)*

Sogn og Fjordane Folkemusikklag har vore representert på:

- Dialogmøte med fylkeskommunen om regional plan for kultur: Styreleiar Ingrid Buvarp Aardal og styremedlem Sølvi Lien
- Leiarmøte i Vestlandskappleiken: Styreleiar Ingrid Buvarp Aardal og dagleg leiar Ingrid Heieren
- Møte med arrangøren av FK2018. Dagleg leiar Ingrid Heieren
- Møte med områdelaga i landet, i samband med Landsmøte i FolkOrg. Dagleg leiar Ingrid Heieren
- Landsmøte i FolkOrg. Dagleg leiar Ingrid Heieren
- Møte med fylkeskommunen om vidareføring av fylkesmusikarordninga: Dagleg leiar Ingrid Heieren
- Kick-Off – rekrutteringsprosjekt Dextra Musica/FolkOrg: Dagleg leiar Ingrid Heieren og prosjektleiar for TØFT, Ole Nilssen
- Styringsgruppemøte i rekrutteringsprosjektet TØFT: Styreleiar Ingrid Buvarp Aardal og dagleg leiar Ingrid Heieren
- Representantskapsmøte i Førdefestivalen: Styremedlem Knut David Hustveit
- Møte med fylkeskommunen om fylkesmusikarordninga: Dagleg leiar Ingrid Heieren.

## ÅRSMØTET 2017

Årsmøtet var lagt til Naustedalen skule, søndag 2.april. Seks medlemslag var representerte med til saman 10 røysteføre utsendingar.

-Frå styret møtte styreleiar Antonia Karete Haugen Kongsvik, nestleiar Knut David Hustveit, styremedlemene Aud Sissel Orheim, Sølvi Lien og Norill Therese Norheim.

-Frå administrasjonen Ingrid Andersen Heieren.

-Frå valnemnda møtte Terje Rune Vie.

Knut David Hustveit var møteleiar. Til stades var til saman 20 personar. Øyvind Sandum var på møtet som gjest frå FolkOrg. På saklista stod vanlege årsmøtesaker.

## FOND

Sogn og Fjordane Folkemusikklag forvaltar Rolf Myklebust Minnefond og Mokursfondet.

### Rolf Myklebust Minnefond



Rolf Myklebust

Minnefondet har som føremål å stø utgjeving av tradisjonell folkemusikk frå Sogn og Fjordane. Fondet gjev ikkje stønad til nyinnspelningar eller utgjeving av nye komposisjonar på notar.

Fondet sto pr. 31.12.17 med kr. 123 141,81 i eigenkapital.

### Mokursfondet

Mokursfondet vart oppretta etter vedtak av årsmøtet 2011, og skal byggjast opp av driftsoverskot frå Mokurset, samt renteinntekter av fondet sin eigenkapital. Midlar frå fondet kan gå til å dekkje eit eventuelt driftsunderskot frå Mokurset, og til å gjere investeringar i Mokurset etter vedtak i styret.

Fondet sto pr. 31.12.17 med kr. 88 295,80 i eigenkapital.

## UTGJEVINGAR

### Rolf Myklebust: *Slåttar i Nordfjordtradisjon*

Rolf Myklebust sine seks notehefte med *Slåttar i Nordfjordtradisjon* vart utgjeve av Folkemusikklaget i 1985 og

1986. Folkemusikklaget har pr. 31.12.2017 der 480 hefte på lager. Hefte nr. 2 er utseld. Arbeidet med å få trykt opp fleire eksemplar av hefte 2 vurderast starta opp.

### **Skumringstimen**

Boka *Skumringstimen* vart gjeven ut i 1998, og inneheld ei samling folkesongar skrivne ned etter kjelder frå alle kommunane i fylket. Boka inneheld også to cd - plater med opptak av kjeldene. Folkemusikklaget har pr. 31.12.2017 53 bøker på lager.

## **FOLKEMUSIKKPRISEN**

Folkemusikkprisen er ei heidersutmerking og blir delt ut anna kvart år til ein person, lag eller organisasjon som har gjort ein særleg innsats for folkemusikken i fylket. Prisen er ikkje delt ut i 2017, men skal delast ut i 2018.

Tidlegare mottakarar av Folkemusikkprisen: Svein Nesje (2016), Elin Grytting (2014), Jon Oddvar Kandal (2012), Einar Eimhjellen (2010), Harald Hesjevoll (2008), Arne M. Sølvsberg (2006), Ingrid Søyland (2004), Petter Eide (2002), Sigmund Eikås (2000), Oline Løvlid (1998), Maria og Lars Ryssdal (1996), Anna og Ragnvald Lunde / Martha Seljeseth Frøland (1994), Svein Skjerdal (1992), Peder Raad / Johanna og Nils Ormberg (1990), Gudveig og Ingolf Iversen / Sjur Hesjevoll (1988) og Paul Berstad (1986).

# **PRIORITERTE SATSINGSOMRÅDE**

## **INFORMASJON**

Sogn og Fjordane Folkemusikklag skal arbeide for å ta vare på og vidareformidle folkemusikktradisjonane i fylket gjennom arbeid for å auke kunnskapen om, kjennskapen til og interessa for tradisjonelt spel, song og dans:

- Gje god og relevant informasjon om aktuelle saker og hendingar til publikum og medlemmer.
- Arbeide for auka omtale av folkemusikk- og dans i media.

For å auke kunnskapen om, kjennskapen til og interessa for tradisjonelt spel, song og dans, er det ein føresetnad å vere synleg. Ein aktør som ikkje er synleg, er heller ikkje viktig. Folkemusikklaget arbeider for å gje god og relevant informasjon om aktuelle saker og hendingar til utøvarar, arrangørar, media og publikum.

Informasjonstiltaka våre kan delast opp i kategoriane passive og aktive. Døme på passive infotiltak er nettportalen [www.folkemusikklaget.no](http://www.folkemusikklaget.no). Her må interesserte lesarar sjølv oppsøkje portalen for å finne informasjonen dei ønskjer. Døme på aktive infotiltak er utsending av nyhendebreve, pressemeldingar og bruk av sosiale media. Her deler Folkemusikklaget relevant informasjon til definerte målgrupper.

## **NETTPORTAL**

Folkemusikklaget har på nettportalen "Folkemusikk i Sogn og Fjordane" laga ein felles informasjonsportal knytt til domena [www.folkemusikklaget.no](http://www.folkemusikklaget.no), [www.mokurset.no](http://www.mokurset.no), [www.fylkeskappleiken.no](http://www.fylkeskappleiken.no) og [www.vestlandskappleiken.no](http://www.vestlandskappleiken.no).

Nettsida har følgjande punkt på hovudmenyen:

- Aktuelt
- Folkemusikklaget
- Kurs | Seminar
- TØFT
- Mokurset
- Fylkeskappleiken
- Vestlandskappleiken

På nettportalen blir det jamleg publisert aktuelle nyhende og saker, og portalen har ein kalenderfunksjon der alle som ønskjer, kan legge inn arrangementa sine. Sakene på nettportalen blir produsert og publisert på grunnlag av informasjon frå medlemmene, samt informasjon frå eksterne aktørar om relevante saker og hendingar. Folkemusikklaget har det redaksjonelle ansvaret for nettportalen, men innhaldet på menypunkta

Fylkeskappleiken og Vestlandskappleiken blir hovudsakleg produsert og publisert av dei lokale kappleiksarrangørane.

Folkemusikklaget ønskjer at nettportalen skal spegle det som skjer på folkemusikkfronten i fylket og oppmodar alle om å sende inn informasjon om arrangement rundt i fylket. Det har i 2017 vore publisert om lag 150 artiklar på nettsida.

### **SOSIALE MEDIA**

Sogn og Fjordane Folkemusikklag har eiga side på facebook. Her vidareformidlar folkemusikklaget eigne nyhende frå nettportalen vår. Det vert også forsøkt å dele vidare folkemusikkhendingar som andre har oppretta, artiklar frå aviser om folkemusikarar m.m. Det vert spesielt lagt vekt å på spreie informasjon om arrangement i Sogn og Fjordane og utøvarar frå Sogn og Fjordane. Laget har også eigen konto på Instagram med 207 følgjarar.

Dei fleste arrangementa våre vert oppretta som hendingar på facebookside vår. Fylkeskappleiken og Vestlandskappleiken har tilbod om å bli oppretta som hendingar under Folkemusikklaget si side.

### **NYHENDEBREV**

Folkemusikklaget har seks gongar i året sendt ut eit nyhendebrev til alle medlemslag, enkeltmedlemmer og andre interesserte vi har registrert kontaktinfo på, samt våre samarbeidspartar og regionale kulturaktørar. Sakene i nyhendebrevet blir generert ut frå nettportalen "Folkemusikk i Sogn og Fjordane".

### **PRESSEMELDINGAR**

Folkemusikklaget sender ut pressmeldingar til media i fylket i samband med våre tiltak, prosjekt og arrangement. I samband med avvikling av Fylkeskappleiken og Vestlandskappleiken har i tillegg dei lokale arrangørane sendt ut relevante pressemeldingar. Fleire av pressemeldingane har ført til gode oppslag i media.

### **FOLKEMUSIKKARENA**

Sogn og Fjordane Folkemusikklag skal arbeide for å ta vare på og vidareformidle folkemusikktradisjonane i fylket gjennom å arbeide for å auke kunnskapen om, kjennskapen til og interessa for tradisjonelt spel, song og dans.

- Sikre gode arenaer for formidling, rekruttering og opplæring for born, unge og vaksne gjennom å:
  - skipe til eigne arrangement
  - samarbeide med relevante aktørar regionalt, nasjonalt og internasjonalt om arrangement.
  - oppmode kulturskular og spelemannslag til samarbeid om folkemusikktilbod

For å auke kunnskapen om, kjennskapen til og interessa for tradisjonelt spel, song og dans, er det ein føresetnad at det finst gode arenaer for formidling, rekruttering og opplæring for både born, unge og vaksne. Den levande folkemusikktradisjonen føreset at det finst utøvarar som driv formidlingsverksemd, at denne formidlingsverksemda rekrutterer nye utøvarar, og at det blir drive opplæringsverksemd som skapar nye utøvarar. Folkemusikklaget kan ikkje sikre alle desse arenaene åleine, men vi skal ta vår del. Og vi skal samarbeide med andre aktørar som er med på sikre desse arenaene, og dessutan oppmode fleire og nye aktørar om å sikre slike arenaer.

### **KAPPLEIKAR**

#### **FYLKESKAPPLEIKEN**

Fylkeskappleiken gjekk av stabelen i Naustdal, 31. mars til 1. april. Naustedalen spelemannslag var den lokale arrangøren av kappleiken. Arrangørane gjorde eit godt arbeid med førebuing og avvikling av arrangementet. Det vart som vanleg tevla i både bygdedans- og runddansklassar.

Vandrepemiane vart vunne av Britt Pernille Frøholm (spel), Kirsten Friis og Mari Andrea Ness (dans) og Judith Margrete Vestrheim (song). Britt Pernille tok sitt andre napp i vandrepemien, og dei andre tok det første nappet i sine vandrepemiar.

Vandrepremien i spel, ein viking utskoren i tre, var oppsett av Sogn og Fjordane Folkemusikklag i 2014. Vandrepremiane i dans og song var oppsette av Spelemannslaget Fjelljom til fylkeskappleiken 2012. Frå 2014 vert alle nye vandrepremiar oppsett av Sogn og Fjordane Folkemusikklag. Resultatliste frå kappleiken er å finne på fylkeskappleiken.no under resultatarkiv.

### Smørbukk-kappleiken



Smørbukk-kappleiken er ein uformell arena der barn og unge får synge, spele og danse for kvarandre, og møte andre unge i fylket med same interessa.

Smørbukk-kappleiken var også i år samlokalisert med fylkeskappleiken, og vart avvikla på føremiddagen laurdag 1. april i Naustdal. Det var i alt 45 unge deltakarar frå heile fylket i aksjon på scena. Innslaga femna frå solonummer til store grupper. Både dans, song og spel var representert blant innslaga.

Asbjørg og Arne M. Sølvberg leia samlingsstunda for alle med leik og dans midt i kappleiken. Knut David

Hustveit var programleiar, og ein jury samansett av Egil Furenes, Dagfrid Vallestad Brevik og Øyvind Sandum fekk i oppgåve å peike ut "Årets Smørbukk".

Hjørdis Vatnehol, 3 år, (t.v. på foto) vart Årets Smørbukk. Ho er med i Krudlalaget frå Sogn Kulturskule og sjarmerte alle med songen "Eg er liten eg, men eg vågar meg" og vart for dette kåra til "Årets Smørbukk".



Smørbukk-kappleiken 2017 vart sponsa av Norsk Barneblad.

### VESTLANDSKAPPLEIKEN

Vestlandskappleiken er eit samarbeid mellom folkemusikklaga i Hordaland og Sogn og Fjordane. I 2017 var det Sogn og Fjordane sin tur. Kappleiken vart arrangert i Askvoll 13.-14. oktober med Gaular spelemannslag og Folkemusikklaget Havbrusen som arrangørlag.

Kappleiken opna med ein flott konsert med Sigrid Moldestad og Linda Gytri i eit fullsett Askvoll samfunnshus. Konserten som bar namnet «Kaffislabberas med Sigrid og Linda», var eit samarbeid med Folkeakademiet i Askvoll og trekte både lokalt publikum og tilreisande kappleikspublikum. Den gode stemninga frå opningskvelden sette sitt preg på resten av kappleiken, og det blei eit solid arrangement som var leia av ei erfaren kappleiksnemnd.

Audhild Flaktvedt Moxnes Minnepris 2017 vart delt ut under Vestlandskappleiken og gjekk til Jonas Laupsa frå Granvin.

Resultatliste frå kappleiken er å finne på [www.vestlandskappleiken.no](http://www.vestlandskappleiken.no)

### KURS | SEMINAR

#### DANSEKURS



I samband med arrangementet «Ein aftan på Ålhus» i regi av John Oddvar Kandal, arrangerte Sogn og Fjordane Folkemusikklag dansekurs i pols med Ole Nilssen. Kurset blei arrangert på Ålhus 11. februar. Det var 22 deltakarar på kurset. Spelemann var Kristoffer Kleiveland. Kurset var støtta av Rådet for folkemusikk og dans.

## MOKURSET

Mokurset er eit sommarkurs i folkemusikk- og dans for born, unge og vaksne, og gjekk av stabelen på Mo i Sunnfjord 9.-14. juli. Kurset hadde 41 deltakarar i alderen 10-20 år, der hovudvekta frå Sogn og Fjordane, Hordaland og Møre og Romsdal.

Mokurset hadde følgjande kurstilbod i 2017:

- Song- og spelkurs på fele, hardingfele, trekkspel og toradar.
- Meisterklasse på hardingfele/fele med Bjørn Kåre Odde i samarbeid med Førdefestivalen.
- Dansekurs med Anna Gjendem

Dansekurset måtte dessverre avlysast grunna for få påmelde. Dei andre kurstilboda gjekk som planlagt.

Instruktørar på spelkurs var Alexander Røystrand, Maria Skjeldrum Toppe, Mathilde Skjæret på hardingfele, Arne M. Sølvsberg, Mari Skeie Ljones, Ingeborg Ulberg Sommer på fele, Ole Nilssen på trekkspel og toradar, Malin Victoria Alander på song og meisterklasse med Bjørn Kåre Odde.



Dagleg leiar Ingrid Andersen Heieren var kursleiar, og Kristoffer Kleiveland var medhjelpar på kurset. I tillegg var styret og ei rekkje andre frivillige i sving under kurset – takk for innsatsen!

Konsertar under Mokurset 2017:

- Slik kan det gjerast – instruktørkonsert
- Har du lyst, har du lov – deltakarkonsert
- Konsert og dans i Sersjantløa på Sunnfjord Museum  
Konserten var i år med Bjørn Kåre Odde og Ole Nilssen.
- Mokurskonserten – avslutningskonsert med alle deltakarane

Mokurset 2017 fekk stønad frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane, Førdefestivalen, Luster Sparebank, Sogn og Fjordane fylkeskommune, KOMP, Rådet for folkemusikk og folkedans og FolkOrg sin rekrutteringsstønad. Mokurset fekk sponning frå TINE og Lerum.

Vi rettar ei stor takk til alle som støtta og sponsa Mokurset 2017!

## DOMMARSEMINAR

29. september – 1. oktober var det dommarseminar på Ole Bull Akademiet på Voss, i regi av FolkOrg, Hordaland Folkemusikklag og Sogn og Fjordane Folkemusikklag. Det var seminar i vokal, spel og dans. Dei 33 deltakarane var frå store deler av landet og fekk lære, reflektere og diskutere om dommargjeringa, sentrale omgrep, dommarskjema og tevlingsreglement. Det vart lagt stor vekt på praktisk dømning og alle deltakarane fekk prøve seg som dommarar. Laurdagskveld var det konsert med Leif Rygg, etterfølgd av dans utover natta.

## TØFT

TØFT er eit rekrutteringsprosjekt for ungdom i Sogn og Fjordane som driv med folkemusikk og folkedans. Formålet med prosjektet er å samle og rekruttere ungdom mellom 12 til 18 år frå Sogn og Fjordane til sosiale ungdomssamlingar fordelt på tre-fire helger i året.

Sogn og Fjordane Folkemusikklag er eigar og initiativtakar til prosjektet og har tilsett Ole Nilssen som prosjektleiar. Det er sett ned ei styringsgruppe med ressurspersonar i Nordfjord, Sunnfjord og Sogn som bidreg med evaluering og marknadsføring til miljøa.

Første ungdomssamling var i oktober, i samarbeid med Fjelljomfestivalen. Det var kurs i fele med Britt Pernille Frøholm, hardingfele med Ingrid Heieren og Jan Beitoaugen Granli, toradar med Hans Hågå, song med Oline Løvlid og dans med Anna Gjendem og Nina Byttingsmyr. Kurset gjekk frå fredag-søndag, med ei felles danseøkt laurdag for dei 21 deltakarane. Festivalen arrangerte konsertar fredagskveld, laurdag på dagtid og laurdagskveld etterfulgt av dansefest.



I januar er det planlagt ei andre helgesamling i Jostedal, og i april ei samling i Sunnfjord. TØFT er støtta av Dextra Musica/FolkOrg, Sogn og Fjordane Fylkeskommune og Rådet for folkemusikk og folkedans

## **KULTURPOLITISK ARBEID**

Sogn og Fjordane Folkemusikklag skal arbeide for å ta vare på og vidareformidle folkemusikktradisjonane i fylket gjennom arbeid for å auke kunnskapen om, kjennskapen til og interessa for tradisjonelt spel, song og dans.

- Vere ein synleg kulturpolitisk aktør som sikrar medlemmene sine interesser. For å auke kunnskapen om, kjennskapen til og interessa for tradisjonelt spel, song og dans, er det ein føresetnad at aktørane på folkemusikkfeltet har gode rådevilkår for verksemda si. Kulturpolitiske prioriteringar og offentlege løyvingar påverkar rådevilkåra i stor grad, og det er viktig at folkemusikkfeltet til ei kvar tid kjempar for betre rådevilkår.

## **OMLEGGING AV FYLKESMUSIKARORDNINGA**

Fylkeskommunen ønskjer å gjere fylkesmusikarordninga om til distriktsmusikarar i folkemusikk med kulturskular som arbeidsgjevarar, med oppstart hausten 2018. Pr. 31.12.17 er det snakk om 4-5 stillingar der 50% av stillinga er undervisning og finansiert gjennom kulturskule og kommune, og 50% er utøving der 25% er finansiert av fylkeskommunen og 25% er inntening av utøvande produksjonar/konsertar.

Folkemusikklaget har bidrege inn i arbeidet med å gje ein statusrapport på folkemusikkmiljøet med tanke på opplæring og informasjon til lokallag om den nye ordninga.

## **REGIONAL PLAN FOR KULTUR**

Ingrid Buvarp Aardal og Sølvi Lien deltok på eit dialogmøte i regi av fylkeskommunen i samband med utarbeiding av Regional plan for kultur for Sogn og Fjordane 2019-2022. Alle møtedeltakarane kom med innspel under «kafédiskusjonar» i møtet, og innspela blei inkludert i planprogramma som vedtakast i januar 2018. Planen har «Kultur for alle» som overordna mål. Endeleg plan blir godkjend i oktober 2018 og det vil bli arbeid med innspel til planen i 2018.

## **REGIONREFORMA OG SAMARBEID MELLOM FOLKEMUSIKKINTERESSENE I REGIONEN**

Sogn og Fjordane folkemusikklag har teke initiativ til eit samarbeid mellom Hordaland og Sogn og Fjordane Folkemusikklag og andre folkemusikkinteresser i den nye regionen. Vi ønskjer å diskutere ein felles strategi for å ivareta interessene våre i den nye regionen. Vi vil også sjå på kva moglegheiter som kan ligge i fylkessamanslåinga og eventuelle konsekvensar regionreforma kan få for oss. Arbeidet vil halde fram i 2018.

## **ORGANISASJON**

Sogn og Fjordane Folkemusikklag skal arbeide for å ta vare på og vidareformidle folkemusikktradisjonane i fylket gjennom arbeid for å auke kunnskapen om og interessa for tradisjonelt spel, song og dans.

Laget skal kontinuerleg utvikle organisasjonen gjennom å:

- sikre god flyt av informasjon internt i organisasjonen
- initiere samarbeid med relevante aktørar regionalt, nasjonal og internasjonalt
- nytte menneskelege og økonomiske ressursar i organisasjonen til det beste for formålet

For å auke kunnskapen om, kjennskapen til og interessa for tradisjonelt spel, song og dans, er det ein føresetnad at organisasjonen som arbeider med dette er ein godt fungerande, framtidsretta, sjølvutviklande og effektiv organisasjon med god kompetanse.

## **STYREARBEID OG ARBEIDSGJEVARANSVAR**

Styret har arbeid med å etablere gode rutinar for sakshandsaming og rapportering. Tidlegare styreleiar har laga ei oppsett for "Styreleiarperm" med informasjon om oppgåver knytt til styreleiarvervet og arbeidsgjevaransvaret. Det vert jobba for å oppdatere «permen» kontinuerleg. All informasjon er no digital.

## **RAPPORTERING OG DOKUMENTASJON.**

Folkemusikklaget har arbeid vidare med å skape gode rutinar for å rapportere og dokumentere verksemda

vår, og har siste åra mellom anna arbeidd med å digitalisere delar av eldre papirdokument, samt investert i digitale lagringsmedium. Det vert jobba med å gjere meir materiale tilgjengeleg på nett blant anna tidlegare årsmeldingar, referat, resultatlistar m.m.

## UTSNITT

### LANDSKAPPLEIKEN 2017, 5.-9. JULI PÅ RØROS

- Dordi Boksasp Lerum, Jostedal spel- og dansarlag, tok 1. plass i Vokal C.
- Dag Vanberg, Spelemannslaget Fjelljom, tok ein 2. plass i Vokal D.

Landskappleiken kolliderte med Førdefestivalen i 2017, få lag frå fylket stilte.

### LANDSFESTIVALEN 2017, 26.-30. JULI PÅ OPPDAL

- Lystringen dansa seg til topps i lagdans.

### NYE PLATEUTGJEVINGAR

- Britt Pernille Frøholm: «Nordfjord»
- Britt Pernille Frøholm: «Fragile», eit verk av Therese Birkelund Ulvo, digital lansering
- Dagfrid Vallestad Brevik, Erlend Apneseth, Synnøve S. Bjørset, Gro Marie Svidal, Vidar Underseth, Indre Sunnfjord spelemannslag, Gamlebanken spelemannslag: «På hogg og belegg» - Hyllest til Sigmund Eikås»

### ARRANGEMENT OG PRISAR

- Oline Løvlid fekk Kongens fortjenstmedalje (26.12.2016)
- Audhild Flaktvedt Moxnes Minnepris 2017 vart delt ut under Vestlandskappleiken og gjekk til Jonas Laupsa
- Førdefestivalen vart kåra til Årets folkemusikkarrangør 2017, under Folkelarm 2017
- Jeremiasfestivalen arrangerte konsert med Linda Gytri og Dag Vanberg 9. juni, Storkurs i spel og dans 22.-23. september, og konsert med Valkyrien Allstars 11. november
- Førde Internasjonale Folkemusikkfestival 5.-9. juli med temaet «Klangen av Norden»
  - Sigmund Eikås sine 70 år vart markert med jubileumskonsert og plateslepp under Førdefestivalen. Plateutgjevinga var etter initiativ frå Førdefestivalen
  - Konserten Arvesølvet med Erlend Apneseth, Linda Gytri, Hilde Marie Holsen og Øyvind Hegg-Lunde, var eit samarbeidsprosjekt mellom Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane og Førdefestivalen
  - Forestillinga Sunniva med Gro Marie Svidal i spissen under Førdefestivalen
  - Samuline – frå fela syng din song, forestilling med og av Sigrid Moldestad under Førdefestivalen
  - Emil Horstad, trekkspelar frå Naustdal, var ein av årets talent under Førdefestivalen
- Jostedal video v/Tormod Øvrebø har lagt ut filmklipp på YouTube av mange dansarar på ulike kappleikar/festivalar. Dette har vorte godt motteke i miljøet og klippa har mellom anna vore nytta i opplæringssamanheng
- Sigmund Eikås vart feira med bokslepp og festkveld i Borgja 25. november
- Folkepedia hadde innspeling av instruksjonsfilmar med dansegruppa i Fjelli UL. Les meir om prosjektet og sjå filmene her: <http://www.folkepedia.no/>

## SAMARBEIDSPARTNARAR OG STØTTESPELARAR

Sogn og Fjordane Folkemusikklag har i 2017 hatt ei rekkje samarbeidspartnarar og økonomiske støttespelarar, og vi rettar ei stor takk til alle som har bidrege til realiseringa av ei rekkje tiltak:

- Sogn og Fjordane fylkeskommune
- Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane
- Førdefestivalen
- KOMP
- FolkOrg

- Dextra Musica
- Rådet for folkemusikk og folkedans
- Tine
- Lerum
- Luster Sparebank
- Norsk Barneblad
- Hordaland Folkemusikklag
- Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane
- Naustedalen Spelemannslag (Fylkeskappleiken 2017)
- Gaular Spelemannslag (Vestlandskappleiken 2017)
- Folkemusikklaget Havbrusen (Vestlandskappleiken 2017)
- Spelemannslaget Fjelljom (TØFT-samling)

**09.02.2018**



**Ingrid Buvarp Aardal – styreleiar**

**Knut David Hustveit – nestleiar**

**Gjermund Tomasgard - styremedlem**

**Norill Therese Norheim - styremedlem**

**Sølvi Lien - styremedlem**